




Endringar etter arbeidsmøte 03.03.25

Etter innsendt høyringsuttale (datert 05.02.25) ba tiltakshavar om eit arbeidsmøte med administrasjonen. Fylgjande notat tek føre seg endringane som me blei samde i under møte (03.03.25), og er i tråd med referat frå møte, vedlegg 1 (internt notat).

Tomt 1-4

Det blei i saksframstillinga lagt fram forslag om å redusere BYA frå 150 m² til 140 m². For å kunne behalde 150 m² BYA aukar ein tomtearealet i nord. Ny storleik på tomt er 780 m².




Før




Etter

Grensejustering tomt 11-3, 11-8 og 11-9

Justering av grensene vil føre til betre tomtestorleikar og tomteform. Avkøyringspil er flytt til bygd situasjon på tomt 11-9. Tomt 11-9 er 797 m², tomt 11-8 er 832 m² og tomt 11-3 er 1339 m².



Før



Etter

**Grensejustering mellom tomt 15-11 og 15-5 (i etterkant av arbeidsmøte)**

Det er ønskeleg justere grensa i mellom tomt 15-11 og 15-5 for å oppnå meir lik arealfordeling. Ny storleik på tomtene er 838 m² (tomt 15-5) og 806 m² (tomt 15-11). Justeringa får ingen konsekvensar i føresegner.

